

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200802354

Dato: 14. november 2008

Forskrift om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte

Innleiing

Kommisjonsforordning nr. 800/2008 av 6. august 2008 om visse former for offentlig støtte som samsvarar med fellesmarknaden i tråd med EF-traktatens artikkel 87 og 88 (allmenn gruppeunntaksforordning)¹, vart innlemma i EØS-avtala gjennom vedtak i EØS-komiteen nr. 120/2008 av 7. november 2008. Offisiell norsk tekst ligg ikkje føre enno.

Denne forordninga samlar dei eksisterande gruppeunnataka om offentlig støtte til opplæring, små- og mellomstore bedrifter (SMB), sysselsetjing og regionale investeringar. Forordninga kjem dermed i staden for desse tidlige føresegnene om tildeling av offentlig støtte.²

I tillegg innfører forordninga nye typar gruppeunnatak. Dette gjeld støtte til miljøtiltak, forskning, utvikling og innovasjon, kvinnelege entreprenørar og støtte i form av risikokapital.

Gruppeunnataka er gjorde til norsk rett ved *forskrift om gjennomføring av EØS-regler om unntak fra notifikasjonsplikt for enkelte former for offentlig støtte* av 5. desember 2003 nr. 1429.

Det vert føreslege å gjennomføre den nye forordninga i norsk rett gjennom ei tilvising til vedlegg XV i EØS-avtala nr. 1j der forordninga er innlemma, frå § 1 i ny *forskrift om unntak fra*

¹ Sjå EF-tidende L 214 9. august 2008.

² Kommisjonsforordning (EF) nr. 68/2001 som endra ved forordning (EF) nr. 363/2004 og endra ved forordning (EF) nr. 1976/2006, Kommisjonsforordning (EF) nr. 70/2001 som endra ved forordning (EF) nr. 364/2004 og endra ved forordning (EF) nr. 1976/2006, Kommisjonsforordning (EF) nr. 2204/2002 som endra ved forordning (EF) nr. 1976/2006 og Kommisjonsforordning (EF) nr. 1628/2006.

notifikasjonsplikt for offentlig støtte. Det vert føreslege å slette eksisterande forskrift av 5. desember 2003 nr. 1429 fordi vesentlege delar av forskrifta må endrast som følgje av denne nye forordninga. §§ 2 og 5 i eksisterande forskrift vert flytta over til ny forskrift.

Noreg har plikt til å gjennomføre relevante rettsakter frå EU i norsk rett, jf. artikkel 7 i EØS-avtala.

Bakgrunn for Kommisjonsforordning nr. 800/2008

Etter artikkel 61 (1) i EØS-avtala (artikkel 87 i EF-traktaten) er offentlig støtte til næringsdrivande som hovudregel forbode. Visse stønadsformer kan likevel vere lovlege i medhald av unntaksheimlane i EØS-avtala.

Styresmaktene må som hovudregel førehandsmelde slik støtte til EFTAs overvakingssorgan (ESA), som gjer vedtak om å godkjenne støtta før denne kan setjast i verk, jf. artikkel 62 i EØS-avtala og protokoll 3 til ODA-avtala (artikkel 88 i EF-traktaten).

Rådsforordning (EF) 994/1998 delegerer kompetanse frå Rådet til Kommisjonen når det gjeld mynde til å fastsetje korleis reglane om offentlig støtte skal nyttast i praksis, og særleg korleis unntaksheimlane skal nyttast og kva for typar støtte ein kan frita frå notifikasjonsplikta. Med heimel i Rådsforordning (EF) 994/1998 har Kommisjonen vedteke fleire forordningar om unntak frå notifikasjonsplikta, mellom anna gruppeunntaka for støtte til opplæring, SMB, sysselsetjing og regionale investeringar, og no forordning nr. 800/2008.

Samlinga av eksisterande og nye gruppeunntak i eitt supergruppeunntak er ei oppfølging av *State Aid Action Plan: Less and better targeted state aid: a roadmap for state aid reform 2005 – 2009 (SAAP)* som Kommisjonen lanserte 7. juni 2005. Denne samlinga av gruppeunntak er òg i tråd med EU sin strategi for forenkling av regelverket.

Innhaldet i Kommisjonsforordning nr. 800/2008

Når vilkåra i forordninga/gruppeunntaka er oppfylde, kan styresmaktene gje offentlig støtte utan førehandsnotifisering til ESA, noko som elles er eit vilkår for å gje støtte. Ved bruk av gruppeunntak skal støttegjevar sende forenkla melding til FAD, som vidare sender den til ESA, etter iverksetjing av støtta (støtteordninga). Dette er i samsvar med eksisterande reglar om

gruppeunnatak. Gruppeunnataka skal gjelde fram til 31. desember 2013.

Framlegget vil ha materielle følgjer for Noreg av di høvet til å gje støtte etter eksisterande gruppeunnatak vert endra. Endringane inneber i hovudsak ei forenkling av framstillinga og noko auka rammer for støtteintensitet. I tillegg er forordninga òg noko innskrenkande i høve til gjeldande gruppeunnatak (støtta må vere transparent, insentiveffekt må påvisast for store bedrifter mv.)

Den viktigaste endringa er likevel at prosedyren for å gje støtte vert endra. Endringa inneber at fleire typar offentleg støtte (miljøtiltak, forskning, utvikling og innovasjon til store bedrifter, kvinnelege entreprenørar og støtte i form av risikokapital) nå skal kunne gjevast utan å notisere til og få ei førehandsgodkjenning frå ESA. Det vil seie at støtte skal kunne gjevast raskere enn tidligare av di det vert korta ned på byråkratisk arbeid.

Forordninga skal gjelde på alle sektorar, men det er spesielle reglar for kva for unnatak som gjeld for m.a. kol-, stål-, landbruks- og fiskerisektoren. Forordninga skal ikkje gjelde på offentleg støtte til føretak som er i vanskar, eller støtte til føretak som har ei uteståande tilbakebetalingssak med norske styresmakter. Dette er ei innskrenking i høve til dagens regelverk. I praksis vert det nok ikkje så stor forskjell fordi støtte til føretak som er i vanskar ofte har vorte sett på som krisestøtte og omstrukturingsstøtte som må notiserast til ESA. Når det gjeld støtte til støttmottakar som har uteståande tilbakebetalingssaker, har heller ikkje ESA godteke det i særlig grad.

Støtte etter gruppeunnataka kan berre gjevast som såkalla transparent støtte. Dvs. at det må vere klart ved tildelinga av støtta kor mykje støtte som skal gjevast, sjå nærare artikkel 5. Kravet om at støtta skal vere transparent er ei innskrenking i høve til dagens gruppeunnatak for SMB, opplæring og sysselsetjing.

Når det vert gjeve summar som er større enn det som er bestemt, må støtteutdelinga notiserast til ESA før utdeling kan skje, jf. artikkel 6. For investeringsstøtte til SMB vert det gjort framlegg om at til dømes beløpsgrensa vert sett til 7,5 millionar euro per føretak per investeringsprosjekt. Summar under denne grensa kan nyte godt av gruppeunnataket, medan høgare summar må meldast til og godkjennast av ESA på førehand.

Det kan gjevast offentleg støtte under dei ulike delane av forordninga (til dømes støtte til SMB og miljøstøtte) så lenge støtta vert gjeve til ulike kostnader. Støtte under gruppeunnataka kan òg gjevast i tillegg til anna støtte, til dømes bagatellmessig støtte, såframt ho vert gjeve til ulike kostnader og at ho ikkje går over høgste tillatne støtteintensitet i dette gruppeunnataket.

Det kan berre gjevast støtte etter gruppeunnataket når aktiviteten/prosjektet ikkje ville vorte utført om det ikkje vart gjeve støtte. For SMB reknar ein med at dette kravet til insentiveffekt er oppfylt dersom føretaket har søkt styresmaktene om støtte før iverksetjinga av aktiviteten/prosjektet. For store bedrifter vert det krevd noko meir dokumentasjon for å rekne insentiveffekten for oppfylt, jf. artikkel 8.

Regionalstøtte

Støtte til investeringar i område som kvalifiserar for regionalstøtte, kan få unntak frå notifikasjonsplikta. Framlegget er i hovudsak ei vidareføring av eksisterande gruppeunnatak for regionalstøtte, jf. forordning (EF) nr. 1628/2006.

Miljøstøtte

Framlegget om at miljøstøtte kan gjevast utan notifikasjon til ESA er nytt. Det skal gjelde unntak frå notifikasjonsplikta for investeringsstøtte til utbetring i drifta utover EU-standardar, kjøp av kjøretøy i transportsektoren som har betre standardar enn EU-standardar, tidlig tilpassing til EU-standardar for SMB, energisparetiltak, kombinert produksjon av kraft og varme, utnytting av fornybar energi og miljøstudie. På visse vilkår kan det gjevast støtte i form av unntak i miljøavgifter, jf. artikkel 25.

Gruppeunnataket byggjer på miljøretningslinene. Støtte til alle desse formåla kan i dag godkjennast etter miljøretningslinene. Støtteintensitetane i gruppeunnataket er gjennomgåande noko lågare enn i retningslinene. Det er òg fleire formål som kan få miljøstøtte etter retningslinene som ikkje er unnateke notifikasjonsplikt i dette framlegget.

Støtte til små og mellomstore bedrifter (SMB)

a) Investeringsstøtte og sysselsetjingsstøtte til SMB

Det kan gjevast investeringsstøtte til SMB. Støtte kan gjevast til investeringar utan nærare angjevne formål. Regelverket omfattar investeringar både i materielle og immaterielle aktiva. Framlegget inneber ei auke i kor høg støtteintensitet som kan

gjevast i støtte til SMB. Dette heng saman med den generelle harmoniseringa av støtte til SMB gjennom heile forordninga. Utover dette svarar reglane i hovudsak til tidligare gruppeunnatak.

b) Støtte til SMB for ekstern rådgjevingshjelp og for å delta på messer

Det kan gjevast støtte til SMB for å skaffe seg ekstern rådgjevingshjelp og for å delta på messer. Reglane svarar i hovudsak til tidligare gruppeunnatak for SMB.

c) Støtte i form av risikokapital til SMB

Høve til å gje støtte i form av risikokapital utan notifikering er óg nytt. Framlegget byggjer på eksisterande retningsliner om risikokapital. Som for unnatak frå notifikasjonsplikt for miljøstøtte mv., er forordninga her òg strengare enn retningslinene (mindre omfattande definisjonar, forordninga gjeld berre investeringar i investeringsfond) fordi det skal vere heilt klart at støtte etter forordninga ikkje uroar konkurransen meir enn det som kan akseptert utan ei konkret vurdering.

d) Støtte til kvinnelege entreprenørar

Dette er ei ny form for støtte som kan gjevast i tråd med EØS-avtala. Gjeldande retningsliner eller gruppeunnatak opnar ikkje for at det kan gjevast støtte til kvinnelege entreprenørar. Små føretak etablert av kvinner skal kunne få inntil 1 million euro i støtte, sjå artikkel 16.

Forskning, utvikling og innovasjon (FoUoI)

Det eksisterande gruppeunnataket for støtte til små- og mellomstore føretak i deira FoU-aktivitetar, vert vidareført i framlegget. Gruppeunnataket vert utvida til og å omfatte støtte til store føretak og til ei rekkje innovasjonsaktivitetar.

Opplæringsstøtte

Gruppeunnataket for opplæringsstøtte vert vidareført i store trekk. Det kan framleis gjevast støtte til spesiell og generell opplæring i føretaket.

Sysselsetjingsstøtte

Forordninga skiljer nå mellom støtte til sysselsetjing av dårleg stilte arbeidstakarar og funksjonshemma, og generell sysselsetjingsstøtte til SMB (nemnt ovafor). Dette er ei forenkling som ikkje endrar støttejvarens handlefridom noko større.

Ny forskrift

Det vert føreslege å gjennomføre regelverket i norsk rett gjennom ei tilvising i ny *forskrift om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte*. Føresegna er gjeven i medhald av *Lov om offentlig støtte*. På denne måten vert talet på paragrafar i føresegna halde nede, samstundes som krava for å sleppe melding (notifikasjon) går fram av tilvisinga til forordninga.

Det vert føreslege å oppheve *forskrift om gjennomføring av EØS-regler om unntak fra notifikasjonsplikt for enkelte former for offentlig støtte* av 5. desember 2003 nr. 1429.

Høyring

Under arbeidet med forordninga i Kommisjonen, vart det gjort ein kartlegging av norske synspunkt på det nye regelverket. Relevante departement og interessegrupper vart kontakta og bedne om innspel. På bakgrunn av innspel sendte Noreg skriftlege merknader til regelframlegga.

Noreg forsøkte aktivt å påverke Kommisjonens arbeid med forordninga. Noreg har generelt vore positiv til den nye forordninga. Utover dette har vi meldt inn at utrekninga av kostnader som kan gje rett til å få miljøstøtte burde endrast, fordi det ikkje er riktig å samanlikne med konvensjonelle alternativ. Det er ikkje alltid eit alternativ for støttemottakar å investere i ikkje-fornybar energi, og det vert difor gale å samanlikne med eit slikt prosjekt. Vi har meint at det burde kunne gjevast støtte til det prosjektet styresmaktene meiner er best og mest kostnadseffektivt.

Noreg har òg vore ueinig i kravet om at insentiveffekt må påvisast for store bedrifter, og i samband med miljøstøtte i form av skattelette/-fritak. Til sist har vi meint at fleire innovasjonsaktivitetar bør kunne støttast i samsvar med forordninga. I tråd med våre og andre land sine kommentarar vart forordninga utvida når det gjaldt kva for innovasjonsaktivitetar som kan støttast. Likeeins vart kravet til insentiveffekt letta når det skal gjevast støtte i form av unntak i miljøavgifter.

Utkast til endring av forskrifta er ikkje sendt på høyring. Det skuldast at høyring av denne endringa av forskrifta openbert ikkje vil vere naudsynleg, jf. forvaltningslova § 37. Norske interesser vart kartlagde og oversendt Kommisjonen før forordninga vart vedteke. Forskrifta er ei endring av regelverket som vi etter EØS-avtala har plikt til å ta ordrett inn i norsk rett. Eventuelle

kommentarar frå høyringsinstansane vil ikkje kunne påverke innhaldet i forskrifta.

Den kongelege resolusjonen har vore lagt fram for alle departementa.

Departementet vil informere potensielle støtteytarar om det nye regelverket.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forordninga inneber i fyrste rekkje forenkla prosessuelle reglar ved at norske styresmakter kan gje støtte til fleire føremål utan å førehandsmelde støtta til ESA. Dette vil redusere ulempa for nasjonale styresmakter knytt til notifiseringsarbeid for støtte til miljøtiltak, forskning, utvikling og innovasjon, kvinnelege entreprenørar og støtte i form av risikokapital.

Forordninga lengjer i tillegg dei forenkla prosessuelle reglane i samband med støtte til opplæring, SMB, sysselsetjing og regionale investeringar.

Utan forordninga må støtteytarar nytte andre prosessuelle reglar. Det vil seie å notifisere støtta til og få ei godkjenning på førehand av ESA.

Det vil no vere éi forordning der dei aller fleste unntak frå notifikasjonsplikta vert samla. Å samle fleire gruppeunntak i ei forordning lettar tilgangen til relevant regelverk for støttegjevarar og støttemottakarar.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r

Forskrift om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte vert
fastsett i samsvar med vedlagte framlegg.

Forskrift om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte

Fastsatt ved kongelig resolusjon 14. november 2008 med hjemmel i lov av 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte § 2. Fremmet av Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Jf. vedlegg XV til EØS-avtalen nr. 1e (forordning (EF) nr. 1998/2006), nr. 1h (vedtak 2005/842/EF) og nr. 1j (forordning (EF) nr. 800/2008).

§ 1. EØS-avtalen vedlegg XV nr. 1j (forordning (EF) nr. 800/2008 av 6. august 2008) om erklæring av visse støttekategoriers forenlighet med det felles marked i henhold til traktatens artikkel 87 og 88 (alminnelig gruppeunntaksforordning) gjelder som forskrift med de tilpasninger som følger av vedlegget, protokoll 1 til avtalen og avtalen for øvrig.

§ 2. EØS-avtalen vedlegg XV nr. 1e (forordning (EF) nr. 1998/2006 av 15. desember 2006) om anvendelse av EF-traktatens artikkel 87 og 88 på bagatellmessig støtte gjelder som forskrift med de tilpasninger som følger av vedlegget, protokoll 1 til avtalen og avtalen for øvrig.

§ 3. EØS-avtalen vedlegg XV nr. 1h (vedtak 2005/842/EF av 28. november 2005) om anvendelse av EF-traktatens artikkel 86 nr. 2 på statsstøtte i form av kompensasjon for offentlig tjenesteytelse til visse foretak som er blitt tillagt oppgaven å utføre tjenester av allmenn økonomisk betydning gjelder som forskrift med de tilpasninger som følger av vedlegget, protokoll 1 til avtalen og avtalen for øvrig.

§ 4. Forskriften trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift av 5. desember 2003 nr. 1429 om gjennomføring av EØS-regler om unntak fra notifikasjonsplikt for enkelte former for offentlig støtte.